



**KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møtedato: 3. oktober 2016
Stad: Møterom torgstova, Mastrevik torg
Kl.: 08.30 – 11.00
Tilstade: Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Rolf Sandstad (medlem) og Bente Øksnes (medlem)
Innkalla: Fungerande rådmann Olav Mongstad og økonomisjef Olav Birger Andersen
Revisjon: Reidar Bjørsvik, Randi Rykkje og Ragnhild K. Høyland
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Tore Austrheim (medlem)

29/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

30/16 Godkjenning referat frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 29.08.16 vart godkjent slik den ligg føre.

31/16 Skriv og meldingar

- a. KS vedtak 084/16 – Plan for selskapskontroll
- b. KS vedtak 083/16 – Tilsvar forliksklage

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

32/16 Orientering om byggerekneskap av vegprosjekt ved kommunehuset

Saksvedlegg:

Kontrollutvalet har bedt om at byggerekneskap av vegprosjekt ved kommunehuset vert sendt til revisjonen for revidering, jf. KU sak 25/15, 31/15, 37/15, 09/16 og 19/16. Byggerekneskapet er ikkje ferdig og er ikkje revidert.

Denne saka vart handsama etter sak 34/16.

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om nye rutinar kring rapportering av investeringsprosjekt og arbeidet med dette. Det vart orientert om status for byggerekneskapet til Kystbarnehagen, som starta i 2011. Førebels rekneskap for

kystbarnehagen og for vegprosjekt ved kommunehuset vert sendt til revisjonen innan 11. november 2016. Fungerande rådmann orienterte om vegprosjekt ved kommunehuset og kva arbeid som manglar i prosjektet for å få det ferdigstilt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

33/16 Orientering om kommunen sitt arbeid med etikk og varsling

Saksvedlegg:

KS anbefaler kommunane å vere opne organisasjonar, der medarbeidarane oppmodas til å varsle internt om alle kritikkverdige forhold. Alle tilsette må vite korleis dei kan varsle og føle seg trygg på at opplysningane vert handsama seriøst. KS anbefaler mellom anna at kommunane å etablere rutinar for intern varsling (www.ks.no).

Fungerande rådmann Olav Mongstad orienterte om kommunen sitt arbeid om varsling av kritikkverdige forhold og utdjupa kommunen sine rutinar kring varsling. Det vart peika på mellom anna:

- System for varsling av avvik (kvalitet-losen)
- Rutinar ved varsling av kritikkverdige tilhøve
- Pleie- og omsorg har eiga avvikssystem
- Prinsippa for kommunen si varslingsordning i Austrheim kommune
- Mottak av varsel
- Oppfølging av intern varsling om kritikkverdige forhold
- Informasjon om desse rutinane til dei tilsette

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og ber om at det etiske reglementet og revisjonsrapporten om etikk vert tilsendt kontrollutvalet til neste møte.

34/16 Bestilling av selskapskontroll – Aufera AS

Saksvedlegg: «*Prosjektskisse eigarskapskontroll i Aufera AS*»

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll, jf. Kommunelova § 77, nr. 5: «Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltninga av kommunen eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.».

På plan for selskapskontroll, jf. KS vedtak 084/16, er det planlagt selskapskontroll av Aufera AS. Selskapet er eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy, som har gjennom Aufera AS organisert delar av si tenesteproduksjon utanfor den tradisjonelle etatsorganiseringa i kommunane.

Revisjonen har utarbeida ein prosjektskisse for eigarskapskontroll i Aufera AS. I dette prosjektet vil revisjonen sjå nærare på korleis Austrheim kommune ivaretar sine eigarinteresser i Aufera AS. Førebels problemstillingar er:

- 1) I kva grad har Austrheim kommune etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i Aufera AS?
- 2) Vert kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med føremålet med selskapet og kommunestyret sine vedtak og føresetnader?
- 3) Vert selskapet drifta i samsvar med lov, vedtekter og aksjeeigaravtale?
- 4) Korleis er økonomien i Aufera As sett i frå eit eigarperspektiv?

Prosjektet vil kunne starte opp på hausten 2016, og kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av fyrste halvår 2017.

Denne saka vart handsama før sak 32/16.
Revisjonen gjennomgjekk prosjektskissa saman med kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet bestiller prosjektskissa slik den ligg føre.

36/16 Møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

37/16 Eventuelt

A. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta

Revisjonen orienterte om endringar i prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta som vart bestilt i førre møte i sak 24/16. Nytt fokus i prosjektet er å sjå på korleis rutineane er bygd opp og om dei sikrar at lovverk vert følgt.

Samrøystes vedtak:


Kontrollutvalet takka for orienteringa og ønskjer å få orienteringar undervegs om framdrifta av prosjektet.

Neste møte i kontrollutvalet er 5. desember kl. 08.30.

Saker til neste møte:

- Oppfølging av selskapskontroll av AS Austrheim Næringssselskap
- Orientering om kommunen sin økonomi og økonomiplanen
- Førebels rekneskap for Kystbarnehagen og Vegprosjekt ved kommunehuset
- Gjennomgang av kommunen sitt etiske reglement og forvaltningsrevisjon av etikk

Austrheim, 03.10.2016



Solveig Hopen /leiar



Bente Øksnes/medlem



Tonje Husum Aarland /sekretær

PROSJEKTSKISSE EIGARSKAPSKONTROLL I AUFERA AS

Bakgrunn

Det er ei trend at stadig fleire av dei kommunale tenestene vert fristilt og organisert i einingar utanfor den tradisjonelle etatsorganiseringa i kommunen. Kommunal selskapsetablering gjev ei meir kompleks indirekte styring, gjennom eigarorgan som representantskap eller generalforsamling. Det inneber at den kommunale verksemda ikkje lenger er direkte underlagt kommunestyret som eigar, men via eigarrepresentantar i eit felles eigarorgan. Kommunen sin moglegheit til aktiv styring stiller dermed krav til kommunen med omsyn til strategi, opplæring og oppfølging av selskapet, og samarbeidsrelasjonar til dei øvrige eigarane.

Kommunane Austrheim, Fedje og Radøy har gjennom Aufera AS organisert delar av si tenesteproduksjon utanfor den tradisjonelle etatsorganiseringa i kommunane. I dette prosjektet vil revisjonen sjå nærare på korleis Austrheim kommune ivaretar sine eigarinteresser i Aufera AS, eit aksjeselskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy.

Heimel

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll, jf. Kommuneleva § 77, nr. 5: *"Kontrollutvalet skal påse at det føres kontroll med forvaltninga av kommunen eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m."* I Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14, er kontrollutvalet sine oppgåver i samband med selskapskontroll utdypa:

"Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltninga av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll)."

Avgrensing

Selskapskontroll kan pr. definisjon delast i to ulike delar: den obligatoriske eigarskapskontrollen og forvaltningsrevisjon.¹ Denne selskapskontrollen er avgrensa til eigarskapskontroll. Eigarskapskontroll dreiar seg primært om å kontrollere at den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med aktuelle lovar for selskapet, og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene til kommunen. Dette inneber at fokus er på kommunen si forvaltning av sine eigarinteresser i Aufera AS. Eigarskapskontrollen er avgrensa til åra 2013-2015.

Revisjonen har som sagt valt ei formalistisk tilnærming til gjennomføringa av eigarskapskontrollen. Det inneber at ein vil undersøkje om kommunen sine styringssystem og praksisar er relatert til eit utval lover og forskrifter som regulerer kommunen si utøving av sine eigarinteresser i selskapet, samt kvalifiserte tilrådingar og teori.

Ein eigarskapskontroll er ingen omfattande gransking av selskapet si drift. Nærare vurdering av dei indre forholda i selskapet, må difor eventuelt vere gjenstand for forvaltningsrevisjon.

¹ Veileder i selskapskontroll NKRF (2005)

Revisjonen vil på bakgrunn av informasjon frå eigarskapskontrollen eventuelt peike på område som kan vere aktuell for forvaltningsrevisjon på eit seinare tidspunkt.

Problemstillingar

- 1) I kva grad har Austrheim kommune etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i Aufera AS?
- 2) Vert kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med føremålet med selskapet og kommunestyret sine vedtak og føresetnader?
- 3) Vert selskapet drifta i samsvar med lov, vedtekter og aksjeeigaravtale
- 4) Korleis er økonomien i Aufera AS sett frå eit eigarperspektiv?

Metode

Revisjonen vil primært nytte intervju og dokument- og rekneskapsanalyse for å samle inn data. Opne kjelder, som purehelp.no, styreregisteret mm. vil også vere aktuelle kjelder for datainnsamlinga. Alle intervju vert verifisert, dvs. at dei vert gjennomlest og godkjent av intervjuobjektet. Førabels rapport vert sendt til selskapet og kommunen for uttale, og uttale vert lagt ved endeleg rapport.

Vurderingskriterier

Omgrepet vurderingskriterium viser krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for selskapskontroll. Det betyr at vurderingskriteria er dei krava ein måler og vurderer kommunen og selskapet sin praksis mot. Det vil vere føremålsteneleg å avgrensa prosjektet til å sjå på eit utval av slike vurderingskriterier.

Vurderingskriterier vert normalt utleidd frå lov og forskrift, samt politiske vedtak og retningslinjer. Også kjelder med lågare autoritet, som til dømes anerkjende tilrådingar, teori eller beste praksis kan verte nytta.

Tidsplan

Prosjektet vil kunne starte opp på hausten 2016, og kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av fyrste halvår 2017.